

Julafest på Husnes dette året

20.12.2013



Ørjan Bakke i aksjon på Dønhaug - i år er han quizmeister på Husnes. Foto: Ola Matti Mathisen

28. desember vert den tradisjonelle julafesten til Festidalen halde. Men den går dette året føre seg i kulturhuset på Husnes og ikkje på Dønhaug sjølv om opplegget er relativt tradisjonelt. Soleis opnar det med quiz ved Ørjan Bakke, som i den seinare tid skal ha lese seg opp på mykje rart. Ved 21-tida kjem Kaveh og deretter snurrar Torgrim Øyre plater heilt til 01.30 då Harding byr på gratis busstransport heim - både innover og utover.

Det heiter i pressemeldinga frå Festidalen at Kaveh nyleg spela på P3 Gull og ofte er å høyra på radio.

- Vi gler oss til knalltøff rap frå storbylivet i Oslo, skriv Hege Digranes som er pressesjef.